

ÅRSRAPPORT 2017

SYKKYLVEN KYRKJELEGE FELLESRÅD




Foto: Hallvard Sandvik

Ikornnes og Sykkylven kyrkjer

Innhaldsliste

1. Innleiing	3
2. Fellesrådets samansetning	4
2.1. Medlemar	4
2.2. Medlemar i administrasjonsutvalet	4
3. Eit utdrag av sentrale saker i 2017	4
4. Dei tilsette	8
5. Kyrkjene	8
6. Sykkylven kyrkjegard – gravplassen i Sykkylven kommune	9
7. Økonomi	9
8. Oppsummering/måloppnåing/resultat	10

1. Innleiing

Kyrkja sin organisasjonsstruktur skal sikre at kyrkjens medlemmar opplever at kyrkja er til stades i sorg og glede, i kvardag og fest. Medlemmene skal kunne feire gudsteneste, delta i kyrkjelege handlingar, oppleve diakoni, trusopplæring, kultur og kyrkjelege fellesskap i sitt eige lokalmiljø. Organisasjonsstrukturen skal også sikre at medlemmane har innverknad på si eiga kyrkje. Organisatorisk skjer dette ved at nokre av medlemmane er demokratisk valde til dei styrande organa; Ikornnes sokneråd, Sykkylven sokneråd og Sykkylven kyrkjeleg fellesråd. Vidare så vel sokneråda medlemmar til ulike grupper/nemnder/utval som f.eks. trusopplæringsutval, utsmykkingsnemnd og prosjektgrupper. I tillegg har kyrkjelydane mange frivillige som på ulikt vis står i teneste for vår Gud og for sin neste. Dette er eit av særprega ved denne organisasjonen som kyrkjelydane er kalla til å legge til rette for og invitere inn i.

I Sykkylven kommune har vi 2 sokn med kvart sitt sokneråd. Ikornnes sokn har i underkant av 1400 registrerte medlemmar og Sykkylven sokn har i underkant av 5200 registrerte medlemmar.

Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) tek hand om visse definerte oppgåver på vegne av sokna og Sykkylven kommunen. Dette er lovfesta i kyrkjelova §14»hovudparagraf». SKF er i tillegg forplikta til føremålsparagrafane ein finn i §1 og §28.

Ansvaret til SKF er:

- administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna
- å utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen
- å fremje samarbeid mellom kyrkjelydane
- å ta hand om interessene til sokna i høve til kommunen.

Slik blir SKF eit strategisk samhandlingsorgan, både for sokna seg imellom og for kontakten mellom sokna og kommunen.

Dei viktigaste oppgåvene til SKF er:

- bygging, drift og vedlikehald av kyrkjer, kyrkjegard og kyrkjeinventar
- å skaffe og drive kyrkjekontor (inklusive prestekontor)
- å skaffe lokale, utstyr og materiell til konfirmasjonsundervisninga – også tilrettelegging for konfirmantar med særskilde behov
- å ha arbeidsgjeveransvar for dei som er løna over fellesrådsbudsjettet
(opprette og legge ned stillingar, tilsetje og seie opp arbeidstakrar og ansvar for arbeidsmiljø)
- å forvalte felles økonomi (midlar/tilskot frå kommunen, midlar/tilskot frå staten til m.a. undervisning, diakoni og kyrkjemusikk, midlar som kyrkjelydane stiller til disposisjon eller overlét til fellesrådet, gåver/arv m.m. til kyrkjebygg, stillingar...)
- å sørge for administrativ hjelp til prosten når staten stiller midlar til disposisjon

Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) er ei verksemrd i bevegelse. Dette ved at vi tør å tenke nytt samtidig som vi vil og skal ta vare på dei gode tinga som er opparbeid gjennom mange år. Dette skjer gjennom godt samarbeid i stab, Fellesråd, Sokneråd og dei mange ulønna/frivillige medarbeidarane.

Vi gler oss over alle gode og positive tilbakemeldingar vi stadig får frå både innbyggjarar i Sykkylven og tilreisande. Vi set også pris på konstruktive tilbakemeldingar som kan gjere oss betre.

2. Fellesrådets samansetning

2.1. Medlemar

Frå Ikornnes sokneråd:

Trygve Ebbesvik (leiar)

Irene Hørte Høibakk

Vara: Anne Rita Kvistad Utgård

Frå Sykkylven sokneråd:

Torbjørn Støylen (nestleiar)

May Lisbeth Hovlid Aurdal

Vara: Bjørg Djupvik Grebstad

Geistleg representant:

Svein Runde (prost)

Vara: Erlend Lunde

Kommunal representant:

Anne Karin Watters

1. vara: Odd Jostein Drotninghaug (ordførar)

2. vara: Anita Vollstad

Sekretær og kyrkjeverje/dagleg leiar:

Arild Sporsheim

2.2. Medlemar i administrasjonsutvalet.

Frå fellesrådet:

Trygve Ebbesvik

Torbjørn Støylen

Svein Runde

Frå dei tilsette:

Rose Iren Stave

Arild Sporsheim (kyrkjeverje/dagleg leiar)

3. Eit utdrag av sentrale saker i 2017

F-sak 3/17 Fastsettjing av rekneskapet for 2016

Kyrkjeverjen orienterte fellesrådsmedlemmane om eit negativt årsresultat 2016 på kr. 157 211,-.

Hovudårsakene til dette er kutt i vedtatt utbetaling av investeringstilskot år 2016 på kr. 300 000,-.

Det vart heller ikkje utbetalta etterbetaling for lønns- og prisvekst for år 2016.

Til tross for dette er det negative resultatet lågare enn forventa, i hovudsak på grunn av:

1. Investeringsstopp.
2. Gåver frå sokneråda til oppussing og investeringar.
3. Lågare pensjonsutgifter enn år 2015.
4. Lågare energiutgifter enn år 2015.
5. Høgare leigeinntekter enn i år 2015.

Vedtak:

Fellesrådet tok det til vitande.

Rekneskapet for 2016 vart avslutta med eit negativt resultat på kr. 157 211,-. Dette beløpet, samt tidlegare års negative saldo på kr. 78 616,-, skal budsjetterast nedbetalt i løpet av dei påfølgjande 3 budsjettåra (2017-2019).

Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.

F-sak 4/17 Revidert budsjett 2017

Kyrkjeverjen orienterte om at Sykkylven kommunestyre har vedtatt, med bakgrunn i rådmannens forslag til budsjett, å gi same rammetilskotet som i 2016, utan tillegg for lønns- og prisjustering. Dette er i underkant av kr. 800 000,- lågare enn det SKF søkte om til drift administrasjon, kyrkjer og kyrkjegard 2017

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd vedtok revidert budsjett 2017 som framlagt med endring av plan for nedbetaling av samla opparbeidd meirforbruk. Akkumulert underskot på kr. 235 828,- skal med dette fordelast nedbetalt over dei 3 komande budsjettåra, ikkje over 2 år. Vidare vedtok SKF at overføringa av lønsmidlar til 25% ungdomsarbeidarstilling (av det kommunale rammetilskotet) skal vidareførast lik tidlegare år. SKF oppmodar til forsiktig bruk av investeringstilskotet.

Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.

F-sak 7/17 Retningsliner for bruk av politiattest

Kyrkjeverjen orienterte om at «*Det primære formålet med å kreve fremlagt tilfredsstillende politiattest fra personer som har oppgaver overfor mindreårige, er å beskytte barn og unge mot seksuelle overgrep og andre krenkelser.*». Vidare orienterte han om at krav om politiattest (barneomsorgsattest) er hjemla i kyrkjelova §29, slik den er definert i politiregisterlova §39; «*Politiattest for personer som skal ha omsorg for eller oppgaver knyttet til mindreårige (barneomsorgsattest).*».

Det framlagte forslaget er bygd på eit rettleiingshefte utarbeida av ei arbeidsgruppe med representantar frå KA Kirkelig arbeidsgiver- og interesseorganisasjon, Kirkerådet og bispedømmerådene i år 2011. Forslaget blir framlagt for godkjenning i både fellesrådet og i begge sokneråda.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd vedtok å innføre krav om politiattest jamfør framlagt retningsliner for bruk av politiattest (barneomsorgsattest) med verknad frå i dag. Politiattest kan ikkje krevjast for personar som allereie er tilsett, men kyrkjeverjen bes oppmøde til at dei leverer dette.

Rådsmedlemmane vil vere med på å kommunisere dette (spesielt pkt. 6) ut i kyrkjelydane. Dei tilsette bes om å gjere det same. Arbeidet med innhenting av politiattest bes leiast av kyrkjeverjen.

Vedtaket var einstemmig, 4 røyster for.


F-sak 19/17 Søknad om communal ramme til drift administrasjon, kyrkjer og gravplass 2018

Orienteringar frå kyrkjeverjen:

Årsresultat 2009-2016

Drift administrasjon, kyrkjer og kyrkjegard.

2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Rammeløyving:							
kr 3 564 000,00	kr 3 531 592,00	kr 3 629 000,00	kr 3 629 000,00	kr 3 629 000,00	kr 3 829 000,00	kr 3 933 000,00	kr 3 933 000,00
Årsresultat:							
kr -79 493,00	kr -77 030,00	kr 25 605,00	kr -23 492,00	kr 58 167,00	kr -119 046,00	kr 40 429,00	kr -157 211,00



Som tabellen viser er den nyare rekneskapshistoria til Sykkylven kyrkjelege fellesråd prega av meirforbruk/underskot.

Disposisjonsfondet pr. 31.12.2016 viser dermed ein negativ saldo på kr. 235 828,-.

Vakansar

Det kan seiast at dette er til tross for at det i fleire år har vore utstrekta bruk av timebaserte vikarar på grunn av ulike vakansar i staben. Ingen langtidssjukmeldte og samarbeidet med frivillige/uløna medarbeidarar gjer at bruken av timebaserte vikarar no er nede på eit minimum.

Uløna/frivillige medarbeidarar

Utvila bruk av frivillige har med andre ord hatt kompenserande effekt i møte med dei ulike vakansane. Og som eit ledd i å være involverande og nytenkande har Sykkylven kyrkjelege fellesråd mellom anna erstatta ei 10% kyrkjetenarstilling med frivillige kyrkjetenarar. Sameleis er det inngått ein arbeidsavtale med ein frivillig økonomimedarbeidar i om lag 20% stilling. Effekten av desse uløna medarbeidarane blir synleggjort i KOSTRA-tala frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) som viser at talet på løna tilsette pr. 1000 innbyggjar er ein god del lågare enn kommunar vi kan samanlikne oss med (jf. vedlegg 1).

Mange ulike bygg og vedlikehaldsprosjekt har også blitt gjennomført med bruk av frivillige/uløna medarbeidarar, samt ulike lag og organisasjoner.

Soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt

Vidare er forvaltninga og drifta av kyrkjene også i sterk grad prega av økonomiske bidrag frå både Ikornnes sokneråd og Sykkylven sokneråd (jf. vedlegg 2-5). Dette gir seg direkte utslag i kyrkjenes både utsjånad og funksjonalitet.

Kostnadseffektiv drift med kvalitet

Mellom anna med bakgrunn i det som no er nemnt kan Sykkylven kyrkjelege fellesråd formidle at forvaltninga av kyrkjekontoret/administrasjonen, kyrkjene og kyrkjegarden blir utført på ein svært kostnadseffektiv måte. KOSTRA-tal underbygger dette ved å vise at Sykkylven kommune gir eit markant lågare rammetilskot til Den norske kyrkja enn samanliknbare kommunar (jf. vedlegg 6-7).

Tilbakemeldingane frå publikum er mange og i all hovudsak svært positive. Dermed kan kyrkjeleg fellesråd med stoltheit også vise til at vi leverer kvalitet på våre varer og tenester.

Kyrkjene som kulturgebygg

SSB sine statistikkar viser også at kyrkjene i Sykkylven i stor utstrekning blir brukt til konserter og andre kulturelle arrangement (jf. vedlegg 8). Kyrkja kan mellom anna vise til godt samarbeid med Sykkylven kommunens kultureining, med skular og barnehagar.

Kyrkja som viktig aktør i folkehelsearbeidet

Som dei ulike punkta ovanfor også viser har svært mange av kommunens innbyggjarar ulike tilknytingar og relasjonar til kyrkja sitt arbeid. Verdiformidlinga, trusopplæringsarbeidet, tenestetilbodet, fellesskapsbygginga og frivilligehetsarbeidet er ulike eksemplar på kyrkja sin innsats for direkte eller indirekte å fremme befolkningas helse og trivsel. Dermed er det slik at kyrkja både er og vil være ein viktig aktør i det førebyggande arbeidet i kommunen, men dette er i utgangspunktet vanskeleg å måle/talfeste.

Tilskot til ungdomsarbeidar

Eit av satsingsområda til kyrkja er ungdomsarbeidet. I samband med dette blir ein del av den kommunale ramma fordelt til 25% løn av Ungdomsarbeidar. Denne fordelinga har si historie tilbake til kommunens og politikarane konkret tiltak for å førebygge nye tilfelle av overdose blant bygdas ungdomar. Av ulike arbeidsoppgåver til denne ungdomsarbeidaren kan nemnast; Open Storhall, Alternativ Rus(s) og MOT Sykkylven. Utfordringa for Sykkylven kyrkjelege fellesråd er at desse midlane ikkje er «friske» pengar gitt som ekstra løyving, men er baka inn kommunens lovpålagte rammetilskot til drift av administrasjon, kyrkjer og gravplass.

Budsjettforslag

For 2017 leverte vi ein rammesøknad på kr. 4 724 377,-. Dette var inklusive kr. 300 000,- i manglande investeringsmidlar i år 2016. Med fråtrekk av investeringane og med tillegg for lønns- og prisvekst (3%) blir dette kr. 4 601 352,- for år 2018.

.....

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesrådet (SKF) gjorde i F-sak 19/17 vedtak om å søke om ei løyvinga på til saman kr. 4 601 352,- i kommunal ramme til drift administrasjon, kyrkjer og gravplass 2018. I dette inngår ei fordeling på kr. 156 700,- til 25% løn av ungdomsarbeidar.

Fordelinga av ramma:

- kr. 3 555 721,- til drift kyrkjer og kyrkjekontor (fordelt 65/35).
- kr. 888 930,- til drift gravplass (20% av ramma).
- kr. 156 700,- til 25% løn ungdomsarbeidar.

I forhold til rammesøknaden bes kyrkjeverjen om å konkret synleggjere dei økonomiske gevinstane ved involveringa/bruken av uløna/frivillige medarbeidrarar til henholdsvis kyrkjetenar og økonomimedarbeidar. Kyrkjeverjen bes også om å formidle rammesøknaden ut til dei politiske partigruppene via servicekontoret til kommunen.

Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

F-sak 26/17 Fastsetting av ulike satsar på gravplassen

Fellesrådsleiaren og kyrkjeverjen orienterte om saksframlegget.

Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd vedtok følgjande satsar med verknad frå 01.01.2018

1. Festeavgift: Kr. 175,- pr. år med endra festetid/-periode frå 10 år til 5 år.

PS: Jamfør gravferdslova §21 er det kommunen som fastsetter avgift for feste av grav, etter forslag frå fellesrådet. Vedtaket blir dermed sendt til kommunal behandling.

2. Graving av grav (utanbygds): Til kostpris.

3. Urnenedsetting (utanbygds): Til kostpris.

4. Sletting av grav (gravminne under 300 kg): Kr. 1000,- (inkl. mva.).

5. Sletting av grav (gravminne over 300 kg): Kr. 1500,- (inkl. mva.).

Vedtaket inneber også ei årleg regulering for konsumprisindeksen (KPI).

Vedtatt med 5 røyster for og 1 røyst mot.

4. Dei tilsette

Lønna av kommunale midlar:

Arild Sporsheim	- Kyrkjeverje i 100% stilling.
Rose Iren Stave	- Kantor i 100% stilling.
Elise Ullavik	- Kontorsekretær i 55% stilling.
Runar Bårnes	- Driftsleiar/kyrkjetenar/kyrkjegardsmedarbeidar i 50%/25%/25% stilling.
Olav Sverre Strømme	- Reinhaldar i 40% stilling.
Trine Ramnefjell	- Organist i 20 % stilling.

Lønna av sokneråda (innsamla midlar og statlege trusopplæringsmidlar):

Katrine Numme	- Ungdomsarbeidar i 100% stilling (kommunen bidrog med 25% stilling).
Anna Myklebust	- Trusopplærar i 80% stilling – <i>frå 08.08.2016</i>

Utan lønn (med arbeidsavtale):

Torbjørn Støylen	- Økonomimedarbeidar i 18% stilling
------------------	-------------------------------------

Likestilling: 5 kvinner og 4 menn

Tilsette i Møre bispedømme: (ikkje tilsette hjå SKF, men med tenestested i Ikornnes og Sykkylven)
Erlend Lunde, sokneprest i Ikornnes sokn
Helge Standal, sokneprest i Sykkylven – *til juni 2017*
Simen Elias Nordbrønd Myklebust, sokneprest i Sykkylven sokn – *frå august 2017*

5. Kyrkjene

Kyrkjelege handlingar (samla):

- 92 gudstenester *(89 i 2016)*
- 57 døypte og 83 konfirmerte *(55 og 105 i 2016)*
- 16 vigslar *(9 i 2016)*
- 62 gravferdar (med kyrkjeleg seremoni) *(72 i 2016)*

I 2017 vart det brukt om lag kr. 220 000,- til investeringar og vedlikehald.

Av større ting kan nemnast:

- Ny varmestyring i Ikornnes kyrkje
- Releggning av skiferheller ved utvendig inngangsparti
- Diverse taleutstyr i Sykkylven kyrkje
- Rep. av ventilasjonsanlegget i Sykkylven kyrkje
- Diverse datautstyr
- Digital oppteikning av Sykkylven kyrkjegard
- Ny grasklippar til Sykkylven kyrkjegard

2017 er også prega av ein del soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt ved bruk av fondsmidlar.
Investeringar på om lag kr. 410 000,- som har gått til:

- Lyddemping av kyrkjestova, Ikornnes kyrkje
- Bygging av scene i kyrkjestova, Sykkylven kyrkje
- Nytt tale- og songanlegg i Sykkylven kyrkje, kyrkjestova
- Nye projektorar i Sykkylven kyrkje, kyrkjelekjellaren
- Nytt flyttbart bord til miksepulten i kyrkjerommet, Sykkylven kyrkje
- Montering av lys i klokketårnet, Sykkylven kyrkje

6. Sykkylven kyrkjegard – gravplassen i Sykkylven kommune

Det var totalt 64 gravleggingar i 2017.

Sykkylven kyrkjelege fellesråd v/kyrkjeverjen har ansvaret for anlegg, drift og forvaltnig av denne gravplassen. Gravferdsansvaret omfattar alle innbyggjarane i Sykkylven kommune, uavhengig av tru- og livssyn. Utgifter til anlegg, drift og forvaltning av gravplasser utredes av kommunen etter budsjettforslag frå fellesrådet (jf. gravferdsloven §3).

Forvaltninga er regulert av eit tredelt regelverk:

Gravferdsloven, Gravferdsforskriften og lokale vedtekter.

Som gravplassforvaltar mottar vi stadig tilbakemeldingar om at publikum opplever Sykkylven kyrkjegard som ein fin og velstelt gravplass. Dette gjer oss stolte, men det gjer oss også bevisste på å forsette eit systematisk og grundig arbeid med fokus på kvalitet med respekt for gravplassens sær preg.

Dessverre har vi enkelte gravfelt med utfordringar knytt til avvik mellom plassering av gravminner og dei fysiske gravene. Kort fortalt er gravminna unøyaktig plassert iht. gravkartet. Dette gir seg utslag ved at steinrekkena står plassert inn på gravene dei tilhøyrer eller at steinrekkena som tilhøyrar ei av gravrekkena står inne på gravene i gravrekka framføre. Sistnemnde gjeld E-feltet der avviket mellom gravrekkena og plasseringane av steinrekkena er varierande. På det meste er avviket på om lag 100cm. I mai 2017 søkte Sykkylven kyrkjelege fellesråd om ekstra midlar frå Sykkylven kommune for å flytte 111 av 153 gravminner på E-feltet. P.t. er det ikkje løyvd midlar til dette formål.

Nytt av 2017 er at vi engasjerte Spesialistbedriften AS i Ålesund til å utarbeide digitaliserte teikningar av gravplassen. I løpet av våren 2018 vil dette vise igjen til publikum som eit stort oversiktskart over gravplassen som blir hengt opp på nordenden av driftsbygninga. Vidare vil dette teikningsgrunnlaget bli brukt i samband med gravplassforvaltning og protokollføring. Sykkylven Hageservice og Sykkylven Energi var også med i dette prosjektet der dei mellom anna gjennomførte GPS-oppmålingar og kontrollmålingar av fastmerker ved dei ulike gravfelta.

Vi har eit godt samarbeid med ein lokal entreprenør, Sykkylven Hageservice, som utfører arbeidet med opning/lukking av graver med tilstelling etter 6 mnd., plantestell, brøyting, samt prosjektarbeid.

7. Økonomi

Rekneskapet for Sykkylven kyrkjelege fellesråd (SKF) er inndelt i 4 avdelingar:

Avd. 41: Administrasjon (kyrkjekontor, lønn administrative stillingar)

Avd. 42: Kyrkjer (drift av kyrkjene og lønn kantor, organist, kyrkjetenarar, reinhaldar)

Avd. 43: Kyrkjegard (graving, stell, lønn kyrkjegardsmedarbeidar og administrasjon)

Avd. 44: Anna kyrkjeleg verksemd (barne-/ungdoms-/kyrkjelydsarbeid i begge sokna, lønn trusopplæringsmedarbeidarar).

Avd. 44 blir avslutta mot ulike kyrkjelydsfond og mot soknerådsrekneskapa.

Årsrekneskapet for 2017 viser eit negativt årsresultat på kr. 142 674,-. Hovudårsakane til dette er:

1. Manglande kommunal etterbetaling for lønns- og prisvekst.

2. Høgare pensjonsinnskot i 2017 enn i 2016.

Det negative beløpet for 2017, samt tidlegare års negative saldo på kr. 235 828,- utgjer eit samla udekka underskot pr. 31.12.2017 på kr. 378 502,-. Dette beløpet er budsjettert nedbetalt i løpet av dei påfølgjande 4 budsjettåra (2018-2021).

Totalkapitalen pr. 31.12. 2017 utgjer kr. 7 994 802,- mot kr. 7 838 478,- pr. 31.12. 2016. Med andre ord ein nedgang på kr. 156 324,-. Av den samla totalkapitalen utgjer bundne driftsfond pr. 31.12.2017 kr. 5 769 227, mot kr. 5 557 833,- pr. 31.12.2016. Bundne driftsfond tilhører sokneråda (avd. 44), ikkje fellesrådsdrifta (avd. 41-43).

Anna kyrklege verksemد (avd. 44) viser ei netto avsetning til fond på kr. 211 395,- etter avsetning til fond på kr. 1 027 015,- og bruk av fond på kr. 815 620,-. Ei testamentarisk gave på kr. 817 681,- er hovudårsaken til den høge avsetninga til fond. Nærare bestemt til fond avsett til diakoniarbeid. Den relativt høge bruken av fond skyldast i hovudsak bruk av fondmidlar (om lag kr. 410 000,-) til soknerådsfinansierte investeringar/prosjekt i kyrkjene, samt stabile lønnsutgifter til lønn Trusopplærar og Ungdomsarbeidar. Dette parallelt med ein nedgang i inntekter som mellom anna i den faste gjevartenesta.

Etter SKF si oppfatning gir årsrekneskapen for 2017 eit rettvisande bilet av aktiviteten i året og stillinga ved årsskiftet. Årsrekneskapen for 2017 er sett opp under føresetnad om vidare aktivitet.

8. Oppsummering/målloppnåing/resultat

Økonomi

Grunna mindre tilskot frå Sykkylven kommune vart rekneskapen for 2017 oppgjort med eit underskot på kr. 142 674,-. Saman med underskotet frå 2015 og 2016 (kr. 235 828,-) er det totale underskotet pr. 31.12.2017 kr. 378 502,-. Dette er budsjettet nedbetalt i løpet av dei komande 4 åra, 2018-2021.

Kyrkjebygga

Vi har to tenlege bygg. I 2017 har fokuset vore:

I Ikornnes kyrkje er det gjennomført ei releggning av skiferhellene ved utvendig inngangsparti. Det er også installert ny varmestyring etter havari på den gamle. I kyrkjekjellaren er det montert lyddempingsplater inne i salen.

I Sykkylven kyrkje er det utført reperasjonar av ventilasjonsanlegget og montering av lys i klokketårnet. Det kom også på plass eit nytt flyttbart bord til miksepulten i kyrjerommet. I kyrkjekjellaren vart det bygd scene, montert nytt tale- og songanlegg og montert nye projektorer.

Gravplassen

Sykkylven kyrkjegarden er ein fin og velstelt gravplass.

I 2017 fikk vi:

- Sluttført veglysa med montering av 5 lyspunkt ved nyfelta mot skuleområdet.
- Utarbeida digitaliserte teikningar av gravplassen.
- Kjøpt ein mindre grasklippar som nødvendig supplement til den store grasklipparen.

I 2017 vart det søkt om ekstra midlar frå Sykkylven kommune for å flytte 111 av 153 gravninner på E-feltet. P.t. har vi ikkje mottatt midlar til dette formål.

Tilsette

I 2017 har det ikkje vore endringar blant dei fellesrådstilsette i staben, men blant dei bispedømetilsette har det vore skifte av sokneprest i Sykkylven.

Sykylven Fellesråd sitt ansvarsområde er prega av systematisk arbeid, utført av ein dyktig stab og eit aukande tal frivillige. Sykylven kyrkjegard står fram som tenleg for innbyggjarar og tilreisande i Sykylven. Bygningsmessigt har vi to tenlege kyrkjer som er fylt av mykje aktivitet. Det er ei stor satsing på trusopplæring og arbeid blant unge. Utfordringane framover vil særleg ligge på å auke den diakonale innsatsen og elles legge til rette for frivillig engasjement.

Grunnlag for fortsatt drift

Leiinga si vurdering er at Sykylven kyrkjelege fellesråd evner å halde fram drifta i 2018 trass økonomiske utfordringar knytt til opparbeidd gjeld pr. 31.12.2017 på kr. 378 502,-.

Vedlegg: 1. Balanseoppstilling – Vedlegg 3
2. Noter til rekneskapet

For Sykylven kyrkjelege fellesråd, 10.04.2018

Trygve Ebbesvik

Trygve Ebbesvik
Fellesrådsleiar

Arild Sporsheim

Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Dagleg leiar

Torbjørn Støylen

Görljen Støylen

Anne Karin Watters

Anne Karin Watters

Svein Maron Runde

Svein Runde

Irene Hørte Høibakk

Irene Hørte Høibakk

May Lisbeth Hovlid Aurdal

May Lisbeth Hovlid Aurdal

Fellesrådssamsetninga

Trygve Ebbesvik

– fellesrådsleiar (frå Ikornnes sokneråd)

Torbjørn Støylen

– nestleiar (frå Sykylven sokneråd)

Anne Karin Watters

– styremedlem (kommunal representant)

Svein Maron Runde

– styremedlem (geistleg representant)

Irene Hørte Høibakk

– styremedlem (frå Ikornnes sokneråd)

May Lisbeth Hovlid Aurdal

– styremedlem (frå Sykylven sokneråd)

Arild Sporsheim

– kyrkjeverje/dagleg leiar

Bjørg Djupvik Grebstad

– varamedlem (frå Sykylven sokneråd)

Anne Rita Kvistad Utgård

– varamedlem (frå Ikornnes sokneråd)

Helge Standal

– varamedlem (for geistleg representant)

Odd Jostein Drotninghaug

– 1. varamedlem (for kommunal representant)

Anita Vollstad

– 2. varamedlem (for kommunal representant)

Balanseoppstilling - Vedlegg 3
Sykylven kyrkjelege fellesråd

2017
Side 1
20.02.2018 12:19:43
Arild

Periode 0-12	2017	2016
EIENDELER		
Anleggsmidler		
22700001 - Sykylven kyrkje		
22700002 - Ikornes kyrkje	1	1
22700003 - Sykylven kyrkjegard	1	1
Sum Faste eiendommer og anlegg	3	3
Sum Utstyr,maskiner og transportmidler		
Sum Utlån		
22100001 - Aksjer og andeler	190 269	173 408
Sum Aksjer og andeler	190 269	173 408
Sum Anleggsmidler	190 272	173 411
Omløpsmidler		
21310040 - Momskompensasjon	600 523	544 221
21319900 - Pensjonstrekk	-50	-1 220
21375002 - Samlekonto Debitorer	185 018	398 020
21390901 - Interimskonto bank	36 639	
Sum Kortsiktige fordringer	822 130	941 021
21899001 - Forskudd til ansatte		
Sum Aksjer og andeler		
Sum Sertifikater		
Sum Obligasjoner		
21020001 - BANK - 4045 30 34315	430 127	270 679
21020002 - Fondskonto 4045 66 01032	4 858 970	4 728 545
21020005 - Konto for gravfond 4045 68 76899	1 580 301	1 622 223
21098001 - Skattetrekk	113 001	102 600
Sum Kasse postgiro bankinnskudd	6 982 399	6 724 046
Sum Omløpsmidler	7 804 530	7 665 067
Sum EIENDELER	7 994 802	7 838 478
EGENKAPITAL		
Sum Disposisjonsfond		



DEN NORSKE KYRKJA
Sykylven kyrkjelege fellesråd

Jf. F-sak 3/18 Fastsetting av rekneskapet for 2017
Sykylven 27.02.2018

Trygve Ebbesvik
fellesrådsleiar, Trygve Ebbesvik

Torbjørn Støylen
nestleiar, Torbjørn Støylen

Anne Karin Watters
styremedlem, Anne Karin Watters

Irene Hørte Høibakk
styremedlem, Irene Hørte Høibakk

Svein Runde
styremedlem, Svein Maron Runde

May Lisbeth Hovlid Aurdal
styremedlem, May Lisbeth Hovlid Aurdal

Arild Sporsheim
kyrkjeverje dagleg leiar, Arild Sporsheim

Balanseoppstilling - Vedlegg 3
Syklyven kyrkjelege fellesråd

2017
Side 2
20.02.2018 12:19:44
Arild

Periode 0-12	2017	2016
25110000 - Avsett til barne- og ungdomsarbeid Ikornnes	-501 415	-498 420
25110002 - Avsett til kyrkjelydsarbeid Ikornnes	-333 213	-380 437
25110003 - Avsett til Ikornnes kyrkje		-20 620
25120000 - Avsett til barnearbeid Syklyven	-881 578	-843 896
25120001 - Avsett til ungdomsarbeid Syklyven	-737 187	-699 504
25120002 - Avsett til kyrkjelydsarbeid Syklyven	-141 558	-135 542
25120003 - Avsett til Syklyven kyrkje	-295 650	-609 708
25130000 - Avsett til trusopplæringsarbeidet	-1 967 971	-2 291 888
25130001 - Avsett til musikkarbeidet	-61 074	-69 619
25130002 - Avsett til stabsutvikling	-31 898	-8 198
25130003 - Avsett til diakoniarbeid	-817 681	
25282000 - Avsett til trusopplæringsarbeidet		
Sum Bundne driftsfond	-5 769 227	-5 557 833
Sum Ubundne investeringsfond		
Sum Bundne Investeringsfond		
Sum Regnskapsmessig mindreforbruk		
25900001 - Udekkja underskot	378 502	235 828
Sum Regnskapsmessig merforbruk	378 502	235 828
Sum Likviditetsreserve		
25990000 - KAPITALKONTO	-190 269	-173 408
Sum Kapitalkonto	-190 269	-173 408
Sum EGENKAPITAL	-5 580 994	-5 495 413
GJELD		
Langsiktig Gjeld		
Sum Ihendehaverobligasjonslån		
Sum Sertifikatlån		
Sum Andre lån		
Sum Langsiktig Gjeld		
Kortsiktig gjeld		
Sum Kassekredittlån		
23210421 - Påleggstrekk	-50	-50

 **DEN NORSKE KYRKJA**
Syklyven kyrkjelege fellesråd

Jf. F-sak 3/18 Fastsetting av rekneskapet for 2017
Syklyven 27.02.2018

Trygve Ebbesvik
fellesrådsleiar, Trygve Ebbesvik

Irene Hørte Høibakk
styremedlem, Irene Hørte Høibakk

Arild Sporsheim
kyrkjeverje/diagleg leiar, Arild Sporsheim

Torbjørn Støylen
nestleiar, Torbjørn Støylen

Svein Runde
styremedlem, Svein Maron Runde

May Lisbeth Hovlid Aurdal
styremedlem, May Lisbeth Hovlid Aurdal

Balanseoppstilling - Vedlegg 3
Sykylven kyrkjelege fellesråd

2017
Side 3
20.02.2018 12:19:45
Arild

Periode 0-12	2017	2016
23214003 - Oppgjørskonto mva.	-29 178	-25 727
23290904 - SKYLDIG PENSJONSTREKK	50	
23290907 - SKYLDIG ARBEIDSGIVERAVGIFT	-132 319	-66 609
23290908 - SKYLDIG FERIEPENGER	-324 927	-273 847
23290909 - AVSATT ARB.GIVER AVG. FERIEP.	-45 994	-38 792
23299001 - Interimskonto Direkteremittering		-2 214
23299006 - Samlekonto Kreditorer	-182 818	-205 234
23299007 - Skuldig Sykylven sokn		
23299009 - Trekk kompetanseformål	-4 345	-4 345
23299100 - Avsatt midlar til gravlegat / gravfond	-1 581 226	-1 623 648
23314001 - Forskuddstrekk	-113 001	-102 600
Sum Annen kortsliktig gjeld	-2 413 807	-2 343 065
Sum Kortsiktig gjeld	-2 413 807	-2 343 065
Sum GJELD	-2 413 807	-2 343 065
Sum EGENKAPITAL OG GJELD	-7 994 802	-7 838 478
MEMORIAKONTO		
Sum Ubrukte lånenemidler		
Sum Andre memoriakonti		
Sum Motkonto for memoriakontiene		
Sum MEMORIAKONTO		
Sum BALANSE		



DEN NORSKE KIRKE
Sykylven kyrkjelege fellesråd

Jf. F-sak 3/18 Fastsetting av rekneskapet for 2017
Sykylven 27.02.2018

Trygve Ebbesvik
fellesrådsleiar, Trygve Ebbesvik

Torbjørn Støylen
nestleiar, Torbjørn Støylen

Anne Karin Watters
styremedlem, Anne Karin Watters

Irene Hørte Høibakk
styremedlem, Irene Hørte Høibakk

Svein Runde
styremedlem, Svein Maron Runde

May-Lisbeth Hovlid Aurdal
styremedlem, May Lisbeth Hovlid Aurdal

Arild Sporsheim
kyrkjeverje/dagleg leiar, Arild Sporsheim



Noter til rekneskap for Sykkylven kyrkjelege fellesråd 2017

Note 1:

Rekneskapsprinsipp og vurderingsreglar

Fellesrådet sin rekneskap er ført i samsvar med Forskrift om økonomiforvaltning fastsett av kultur- og kyrkjedepartementet 25. september 2003 og God kommunal regnskapsskikk. Dei kommunale rekneskapsprinsippa betyr blant anna at inntekter og utgifter er ført etter bruttoprinsipp og utgifter/inntekter er ført etter det såkalla anordningsprisnippet som betyr at alle kjente inntekter og utgifter blir tatt med i drifts- eller investeringsrekneskapen. I balanserekneskapen er omløpsmidlar vurdert etter lågaste verdi prinsippet. Anleggsmidlar er vurdert til anskaffelseskost. Anleggsmidlar som har avgrensa økonomisk levetid blir avskrive med like store årlege beløp over anleggmiddelet si levetid.

Note 2:

Kommunalt tilskot

Drift:

Kommunen sitt tilskot til fellesrådet si drift er kr. 3.933.000,-. Dette tilskotet skal dekke drift av administrasjon og drift av den lokale kyrkja og kyrkjegarden. Dette er same beløp som i 2016.

Investering:

Det er utbetalt kr. 423 200,- i ekstra midlar frå kommunen i 2017.

Note 3:

Løn og personalutgifter

<u>Består av følgjande postar:</u>	<u>2017</u>	<u>2016</u>
Løn og honorar	3 095 738	2 507 553
Folketrygdavgift	496 427	393 796
Pensjonsutgifter	410 724	260 500
Andre lønsutgifter	46 616	48 291
Sum løns- og personalutgifter	4 049 505	3 210 142
Gjennomsnittleg antal tilsette som utfører gjennomsnittlig årsverk	8	9
	6,13	5,93

Av dette er 1,73 årsverk finansiert av 0,18 årsverk ulønna og 1,55 årsverk statleg tilskot (trusopplæringsmidlar) og innsamla midlar.

Løn og anna godtjersle til dagleg leiari: Kr. 588.397,-.

Revisor:

Revisjonshonorar for 2017 utgjer kr. 37.000,- eks. mva.

Dette gjeld fellesrådet og dei to sokneråda.



DEN NORSKE KYRKJA

Syklyven kyrkjelege fellesråd

Note 4:

Bunde midlar:

I posten bankinnskot inngår bunde bankinnskot / skattetrekksmidlar med kr. 113.001,-.

Note 5:

Pensjon:

Syklyven kyrkjelege fellesråd har gjennom KA inngått tariff-regulerte pensjonsavtalar med KLP.

Pensjonsutgiftene blir betalt og rekneskapsført som utgifter på det året pensjonen er opptent.

Arbeidsgjevars del av premie er kr. 410.724,-. Tilsette betaler 2% av premien.

Av premien i 2017 er reguleringspremien på kr. 124.552,-.

Brutto påløpt pensjonsforplikting er kr. 7 186 798

Pensjonsmidlar utgjer kr. 5 953 771

Pensjonsforpliktingar og pensjonsmidlar er ikkje balanseført.

Note 6:

Anleggsmidlar:

Varige driftsmidler:

	Utstyr/Inventar 5 år	Maskin,Trspm. 10 år	Kyrkjer 80 år	Kyrkjegardar	SUM 2017
Anskaffelseskost 1/1	-				
Tilgang					
Avgang					-
Anskaffelseskost 31/12	-				
Akkumulerte avskrivningar 31/12	-				
Balanseført verdi pr. 31/12	-		3		
Årets avskrivningar	-				

Anskaffelseskost for kyrkjer er førebels ikkje utrekna.

Note 7:

Avsetninger og bruk av avsetningars

	Disposisjons Fond	Bunde driftsfond	Ubunde Inv.fond	Bunde Inv.fond	SUM: 2017	
Saldo pr 01.01:		5 557 833		-	5 557 833	
Avsetninger		1 027 137		-	1 027 137	
Bruk av avsetningars		815 742		-	815 742	
Saldo pr 31.12:	0	5 769 228		-	5 769 228	

Jfr. fyldig oversikt bruk/avsetjing. Merk at fonda for sokneråda no er inkludert. Nokre mindre fond er no slått saman med fond for den einskilde kyrkje.



DEN NORSKE KYRKJA
Sykkylven kyrkjelege fellesråd

Note 8:
Kapitalkontoen:

	Debet	Kredit
INNGÅANDE BALANSE pr 01.01		173 408
Aktivering av fast eigedom og anlegg		
Avskrivinger av fast eigedom og anlegg		
Avskrivinger av utstyr, maskiner og transp.m.		
Eigenkapitalinnskudd KLP		16 861
Nye lån	0	
Avdrag på lån		0
UTGÅANDE BALANSE, pr 31.12	190 269	
	190 269	190 269

Sykkylven, 08.02.2018

Med helsing
Arild Sporsheim
Kyrkjeverje / Daglegr leiar